



Klare for kreativ profilering: Johannes Haugland (16), faren Lars og leiar Olav Hjetland Bringedal.

Etter eitt års fråver har det lokale bondelag ei betydeleg rolle under aktivitetdagen i båthamna laurdag. Ikkje overraskande profilerar dei næringa si på ein kreativ og engasjerande måte.

- Vi vil gjerne også støtta opp om eit godt arrangement til inntekt for Aktivitetshuset, seier leiar Olav Hjetland Bringedal som plukker fleire gode programpostar opp av hatten. Ein av dei er ein høneskit-bingo som vert avvikla etter same prinsipp som kuskit-tevlinga. Den hugsar sikkert alle. Men det kan ikkje vera tvil om at det er meir krevjande å administrera ei høne enn ei ku....

Det vert seld berre 200 lodd og den som vinn får ein robotplenklyppar til rundt rekna 10 000 kroner. Hønene som deltek tilhøyrrer forresten gardsbarnehagen og dei arrangerer bingoen saman med bondelaget.

Høneskit-tevlinga er truleg noko heilt nytt og revolusjonerande men ein annan aktivitet er meir tradisjonell. Vi tenkjer på eit innslag for dei minste - ei tevling der det gjeld å komma fyrst i mål på tråkketraktor. Den raskaste vinn traktoren.

Dei meir tradisjonelle tevlingane jurklutkasting og hesteskokasting er naturlegvis med også denne gongen men premieringa er hemmeleg. Det vert sjølv sagt innslag av dyr, men førebels er det ikkje sikkert kva slags...

..

Asbjørn og Trond Olsen er på plass med veterantraktorane sine også denne gongen. Så er det mykje meir, men det kjem vi tilbake til.....

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen.